



Frekhaug Bolig AS
Mjåtveitflaten 55
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9133 - 22/2583

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
11.01.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 202/177 Hjelmås

Tiltak: bustad
Byggjestad: Gbnr: 202/177
Tiltakshavar: Jan-Erik Eide
Ansvarleg søkjar: Frekhaug Bolig AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 28.10.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Tiltaket treng dispensasjon frå føresegn i reguleringsplanen for Helleåsen, Plan - ID 1263- 19032007, samt søknad om ny avkøyrslø. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande:

1. Søknad om dispensasjon frå føresegn i reguleringsplanen for Helleåsen, Plan - ID 1263-19032007, § 1.2. Bustader frittliggjande.
Høvet gjeld høgd på bustaden, skissert i søknad med mønehøgd på 8,3 meter. Frittliggjande småhus skal i følge planen ha max mønehøgd på 7,5meter, målt frå eksisterande terreng.
2. Søknad om dispensasjon frå føresegn i reguleringsplanen for Helleåsen, Plan - ID 1263-19032007, § 1.2. Bustader frittliggjande.
Høvet gjeld høgdeplassing, skissert i søknad (+58,7) med avvik på om lag 1,7 meter. OK gulv 1 etg. skal i følge planen for frittliggjande småhus/ tomt nr 1. liggja på kote 57.
3. Søknad om dispensasjon frå føresegn i reguleringsplanen for Helleåsen, Plan - ID 1263-19032007, § 0.4 Terrenghandsaming.
Høvet gjeld høgd på byggegrop skissert i søknad med høgd tilsvarande høgd på første etasje. Høvet samsvarar ikkje med § 0.4., setning nr 4. « Det er ikkje løyve til å fylle opp i terrenget med meir enn 1,2 meter over eksisterande terreng (omfattar også byggegrop)».

For ordens skuld nemnes at plassering på eigendomen slik teikna inn på arealplankart over bustadområdet, ikkje er juridisk bindande. Administrasjonen vurderer at det dermed ikkje er naudsynt å dispensere frå dette høvet.

Vidare ynskjer me at søknaden blir supplert med følgjande:

4. Søknad om ny avkøyrslø.
5. Kommunen ønskjer trygg avkøyrslø frå alle tomtar. Siktline ved avkøyrslø og snuplass på eigen grunn, skal være del av teikning. Terrengsnitt som syner stigningsforhold mellom bustad og avkøyrslø samt møtet med veg, skal også synast på teikning.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 08.02.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Frekhaug Bolig AS
Jan-Erik Eide

Mjåtveitflaten 55
Mjåtveitmarka 60 C

5918 FREKHAUG
5918 FREKHAUG